



Hagelsundet Eigedom AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2102 - 17/21512

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.07.2017

Omgjeringsvedtak - løyve til montering av skilttavle - gbnr 185/333 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 354/17

Tiltakshavar: Hagelsundet Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Hagelsundet Eigedom AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om montering av skilttavle på fasade og skilt på takflate på «Hagelia 6». Søknad motteke 28.06.16. Søknad gjennomgikk mottakskontroll og det vart 07.07.16 sendt brev til søkjar med førespurnad om tilleggsdokumentasjon. Då kommunen ikkje mottok etterspurd dokumentasjon, vart søknaden avvist, jf. vedtak datert 26.04.17.

Søkjar har i brev datert 11.05.17 klaga på avvsningsvedtak og har i brev datert 12.05.17 sendt inn opplysningar etterspurd i vårt brev datert 07.07.16.

Med omsyn til skilt på takflate så har søkjar gått vekk frå løysinga då det ikkje lot seg gjere å innhente samtykke frå Statens vegvesen.

I tilleggsdokumentasjon er det i vedlegg 1 synt plassering av skilttavle med ytre hovudmål på 4,3 x 5 meter samt skilt med namnet «DAMPEN» med bokstav høgde på 75 cm, lengde på namndet er opplyst til om lag 3 meter og er plassert under skilttavle.

I tillegg til vedlegg 1 er det i vedlegg 2 synt skilt plassert under vindaugsrekkje.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla jf. pbl. § 21-3. Kommunen finn det ikkje nausynt å krevje varsling av tiltaket.

Plassering

Plassering av skilt er synt på vedlegg dagsett 12.05.17.

VURDERING:



Skilttavle med måla 4,3X5 meter samt namnt «DAMPEN» med bostavhøgde 75 cm og samla lengde på 3 meter vert godkjent plassert over hovudinngang i samsvar med fotomontasje «vedlegg 1» dagsett 12.05.17. Tiltaket har etter kommunen sitt skjønntilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Ansvar

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav i) jf. § 20-3. Kommunen kan vurdere å frita tiltak frå krav om bruk av ansvarleg føretak jf. pbl. § 23-1, 5. ledd. Søkjar har bedt kommunen om å frita tiltaket frå krav om bruk av ansvarleg føretak. Det er samstundes opplyst at det vil verte nytta tømrrar for montering av skilt.

Kommunen si vurdering er at tiltaket kan fritakast frå krav om bruk av ansvarleg føretak.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav i) jf. § 20-3 vert det gjeve løyve til montering av skilttavle med måla 4,3X5 meter samt skilt med namnet «DAMPEN» bokstavhøgde 75 cm og skiltlengde på 3 meter. Skilttavle og «namneskilt» vert godkjent plassert over hovudinngang i samsvar med «vedlegg 1» dagsett 12.05.17. Skiltrekke under vindauge synt i «vedlegg 2» vert ikkje godkjent.

Med heimel i pbl. § 23-1, 5.ledd vert det gjeve fritak frå krav om bruk av ansvarleg føretak.

Løyvet er mellombels jf. plan- og bygningslova § 30-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2102

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hagelsundet Eigedom AS Hagellia 6 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Hagelsundet Eigedom AS Hagellia 6 5914 ISDALSTØ